

## Vedtekter for Gol bygdearkiv

- 1. Namn**

Gol bygdearkiv er eit lokalhistorisk arkiv for Gol kommune.
- 2. Føremål.**

Gol bygdearkiv skal samle inn, ordne, registrere og ta vare på arkivsaker frå bedrifter, institusjonar, organisasjonar og privatpersonar, fotografi, film-, video- og lydbandopptak, stadnamn og elles kopierte og trykte materiale med tilknytning til kommunen. Det innsamla materialet skal stillast til rådvelde for offentleg bruk etter gjeldande reglar for innsyn i slikt materiale. Gol bygdearkiv skal spreie kunnskap om arkivets arbeidsområde og det materialet som finst der.
- 3. Eigeomsrett til materialet.**

Det innsamla materialet er offentleg eigeom dersom det ikkje er oppretta andre avtaler med eigarane. Gol bygdearkiv kan ta imot deponert materiale frå private arkiveigarar.
- 4. Samarbeidspartnarar.**

Gol bygdearkiv er medlem av Landslaget for lokal- og privatarkiv. Samarbeidspartnarar innan kommunen er kommunearkivet, Gol bibliotek og Gol bygdemusuem.
- 5. Styre.**

Styret for Gol bygdearkiv er underutval til Utval for kultur og levkår. Eige reglement for styret for Gol bygdearkiv er vedtatt (sak F250/89 og sak K07/96).
- 6. Administrasjon.**

Styret er ansvarleg for drifta av Gol bygdearkiv, både administrativt, fagleg og økonomisk. Ved eventuell tilsetjing av lønna personale gjeld kommunens tilsetjings- og arbeidsreglement. Kulturleiar vil då vera arkivpersonalet sin overordna.
- 7. Ansvar for samlingane.**

Styret har ansvar for at samlingane er trygt oppbevart og forsvarleg ordna og registrert. Samlingane skal vera offentleg tilgjengeleg med fast opningstid.
- 8. Økonomi.**

Gol bygdearkiv blir drive med kommunale midlar og arkivets budsjett skal innarbeidast i det kommunale kulturbudsjettet. Styret skal utarbeide forslag til årsbudsjett og økonomiplan.
- 9. Nedlegging.**

Dersom Gol bygdearkiv blir nedlagt, er det kommunens ansvar å finne ein forsvarleg måte å ta vare på arkivmaterialet.
- 10. Vedtektsendring.**

Vedtektene kan endrast av styret for Gol bygdearkiv med godkjenning av Utval for kultur og levkår.